



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 09.06.2016
Møtetid: 15:00 - 20.15
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Inge Aasgaard (Krf)	Gunn Totland Moss (Krf)
Nils Aadland (Ap)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Lena Tveit (Bl) frå kl. 17.15	Anja Gjerde Markhus (Bl) frå kl. 17.15

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Ramsli, ass.rådamnn Våge under heile møtet. Økonomisjef Erdal under sak 34-37/16. Sektorleiar Ragnhildstveit under sakene 38 og 39/16.

Møteleiar:	Ordførar Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Lena Tveit (Bl) fekk permisjon frå møtet kl.17.15 under skriv og meldingar. Anja Gjerde Markhus (Bl) møtte som vara.
 Olaus Øystese (Ap) var ugild, jf. FVL §6 1.ledd b, under drøftinga av konsesjon i Aldalen, og gjekk ifrå.

Ordførar orienterte;	<ul style="list-style-type: none"> -Forslag om å etablere Datasenter i Samnanger. Børdalen er peika ut som eit aktuelt område. -Kommunen er i forhandlingar om makebyte for å innløysa badevika (BF1) i reguleringplanen for Bjørkheim. -Kommunen har tildelt entreprenør Hylland VVA-prosjektet på Bjørkheim. -Ordførar og 7 utvalte innbyggjarar skal til kongen sin hagefest på gamlehaugen i Bergen. -Raset på E16 fører til auka trafikk på rv 7 gjennom Samnanger. Ordføraren har meldt inn behov for trafikksikring til vegvesenet. -Skilting – td på Bjørkheim har for dårleg framdrift. Ordførar har purra på saka. -Kommunestyret etterspurte uttale på NTP og den fylkeskommunale skulebruksplanen – Ordføraren vil gje innspel til neste kommunestyremøte den 23 juni på NTP. Spørsmålet om godshamn i Samnanger er og komen opp på nytt, noko kommunen
-----------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

	<p>og bør gje uttale på. Rådmannen orienterte om at det ikkje var kapasitet til gje uttale på skulebruksplanen.</p> <p>-Det vert møte i styringsgruppa for økonomiprojektet i løpet av august/september. Dei tillitsvalte ønskjer å vera representert i styringsgruppa. Formannskapet slutta seg at dei tilsette vert representert med ein tillitsvald.</p> <p>-Kulturveka, denne veka, er svært positivt. Kommunen bør profilera det og anna meir, td med annonser i Samningen.</p> <p>-Klage til kontrollutvalet på den administrative klagehandsaminga på konsesjonen i Aldalen. Olaug Øystese (Ap) deltok ikkje under denne drøftinga, jf FVL § 6 1.ledd b. Formannskapet avventar til kontrollutvalet sin vurdering vert lagt fram.</p>
Utvalet sitt kvarter:	Olaug Øystese (Ap) etterlyste møte i administrasjons -utvalet og svar på tidlegare spørsmål tatt opp der vedk. nedgang i stilling.
Dokument utlevert i møtet:	Ingen

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 08.09.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
032/16	16/553	Faste saker	
033/16	16/134	Kommunale vegar 2016 - 2019	
034/16	16/399	Økonomirapportering pr 30.04.2016	
035/16	16/399	Finansrapportering pr 1.tertial 2016	
036/16	10/514	Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Samnanger kommune.	
037/16	16/181	Tilleggsøyving 2016 -Søknad frå kontrollutvalet om ekstraløyving	
038/16	16/544	Kvalitetsdialog om tilstandsrapport for grunnskulen i Samnanger kommune 2016	
039/16	16/362	Strategiplan for sektor oppvekst og kultur 2016 - 2019	
040/16	16/429	Fornyng av kommunale salsløyve for alkoholhaldig drykk	
041/16	16/392	Fornyng av kommunalt skjenkeløyve for alkoholhaldig drykk - Bjørkheim Kro og Motell	
042/16	16/519	Fornyng av kommunalt skjenkeløyve for alkoholhaldig drykk - Rita Myrvang Taule - Sigmundstovo gjestehus	
043/16	14/256	Adressetildeling og namnsetjing av vegar og område for fritidsbustader i Samnanger kommune	
044/16	16/202	Fordeling av kulturmidlar 2016	

SAKNR. 032/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke. Utvalet sitt kvarter; ” Olaug Øystese (Ap) etterlyste møte i administrasjons -utvalet og svar på tidlegare spørsmål tatt opp der vedk. nedgang i stilling.”

FORM-032/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 033/16
KOMMUNALE VEGAR 2016 - 2019

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Gunn Totland Moss (Krf) bad om å få bli vurdert som ugild. Ho har eigedom i tilknytning til vegen. Moss gjekk i frå. Ho vart samrøystes vurdert utgild, jf. FVL § 6 1 ledd.A.

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg:” Saka vert sendt over til kommunestyret utan tilråding.”

Olaug Øystese (Ap) sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune løyver kr. 300.000 til brukarane av Nyutløtrævegen. Dette beløpet skal dei nytta til opprustning av vegen. Samnanger kommune startar prosessen med å avhenda denne vegen til privat veg. Midlane vert teke av sal av huset til Samnanger kommune i Hagamulen.”

Formannskapet røysta først over Frøland sitt framlegg som fekk 5 røyster

For framlegget
Knut Harald Frøland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)
Anja Gjerde Markhus (Bl)
Øyvind Røen (Sp)
Monica Tjønnå (Sp)

--

Deretter vart det røysta over Øystese sitt framlegg som fekk 2 røyster.

Imot framlegget
Knut Harald Frøland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)
Anja Gjerde Markhus (Bl)
Øyvind Røen (Sp)
Monica Tjønnå (Sp)
Øyvind Strømmen (Mdg)

Til stutt vart det røysta over rådmannen si tilråding som fekk 1 røyst frå Øyvind Strømmen (Mdg).

Framlegget frå Frøland fekk flest røyster og vart vedteke.

FORM-033/16 VEDTAK:

Saka vert sendt over til kommunestyret utan tilråding.

SAKNR. 034/16

ØKONOMIRAPPORTERING PR 30.04.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

		Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:			
50 % stilling på lønkontoret	Overført frå helse og omsorg	323 000	323 000
Form vedtak 14/16	Agenda kaupang	99 000	
Kutt i sektor for oppvekst og kultur			32 500
Kutt i sektor for helse og omsorg			44 500
Kutt i sektor for organisasjon			9 000
Kutt i sektor for samfunn og utvikling			13 000
Investeringsbudsjettet:			
Sjukeheim, redusert budsjett 2016	Uendra totalramme		549 170
redusert bruk av lån		549 170	
Inventar og utstyr sjukeheimen	Overført frå investering til drift	183 000	183 000
Endra finansiering:	Næringsfond i drift		183 000
	Redusert lån	183 000	
Renovering av 95-bygget	Overført frå 2015, både drift og investering	700 000	
Endra finansiering:	Næringsfondet		517 000
	Lånemidlar overført		183 000
Kontrollsum		2 037 170	2 037 170

Budsjettjustering knytt til investering og til finansiering av innkjøp av inventar og utstyr til Sjukeheimen påvirker ikkje totalramma til prosjektet.

Ny makspris for langtidsopphald ved institusjon vert sett til kr 94 162 pr mnd.

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FORM-034/16 VEDTAK:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

		Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:			
50 % stilling på lønkontoret	Overført frå helse og omsorg	323 000	323 000
Form vedtak 14/16	Agenda kaupang	99 000	
Kutt i sektor for oppvekst og kultur			32 500
Kutt i sektor for helse og omsorg			44 500
Kutt i sektor for organisasjon			9 000
Kutt i sektor for samfunn og utvikling			13 000
Investeringsbudsjettet:			
Sjukeheim, redusert budsjett 2016	Uendra totalramme		549 170
redusert bruk av lån		549 170	
Inventar og utstyr sjukeheimen	Overført frå investering til drift	183 000	183 000
Endra finansiering:	Næringsfond i drift		183 000
	Redusert lån	183 000	
Renovering av 95-bygget	Overført frå 2015, både drift og investering	700 000	
Endra finansiering:	Næringsfondet		517 000
	Lånemidler overført		183 000
Kontrollsum		2 037 170	2 037 170

Budsjettjustering knytt til investering og til finansiering av innkjøp av inventar og utstyr til Sjukeheimen påvirker ikkje totalramma til prosjektet.

Ny makspris for langtidsopphald ved institusjon vert sett til kr 94 162 pr mnd.

SAKNR. 035/16

FINANSRAPPORTERING PR 1.TERTIAL 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporten for 1.tertial 2016 vert tatt til etterretning.

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FORM-035/16 VEDTAK:

Finansrapporten for 1.tertial 2016 vert tatt til etterretning.

SAKNR. 036/16

**REGLEMENT FOR FINANS- OG GJELDSFORVALTNING FOR SAMNANGER
KOMMUNE.**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert vedtatt slik det ligg føra. Reglementet gjeld frå 1.juli 2016.

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FORM-036/16 VEDTAK:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert vedtatt slik det ligg føra. Reglementet gjeld frå 1.juli 2016.

SAKNR. 037/16

**TILLEGGSLØYVING 2016 -SØKNAD FRÅ KONTROLLUTVALET OM
EKSTRALØYVING**

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg;
”Kontrollutvalet får auka budsjettet sitt med kr 50.000 og at det vert dekkja inn ved å bruka forventa meirinntekter på rammetilskotet.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

FORM-037/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet får auka budsjettet sitt med kr 50.000 og at det vert dekkja inn ved å bruka forventa meirinntekter på rammetilskotet.

SAKNR. 038/16

**KVALITETSDIALOG OM TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I
SAMNANGER KOMMUNE 2016**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak frå rådmann.

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

I drøftingane var ein innom tema som:

- Manglande foreldre- og elevmedverknad
- Kor stor del av elevar som tar dei nasjonale prøvar
- Årsaksforhold differanse standpunktskarakterar vs eksamenskarakterar
- Mobbing og tiltaksplanar framover
- Gjennomføringsgrad vidaregåande – her er det gledeleg at over 90% av elevane frå Samnanger gjennomfører vidaregåande skule
- Kor mykje lærarar me brukar i skulen
- Fokus på om heving av tenestekvalitet gjer betre økonomiske resultat

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg:” Tilstandsrapport for grunnskulen i Samnanger kommune vert godkjent slik han ligg føre. ”

Framlegget vart samrøystes vedtek.

FORM-038/16 VEDTAK:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Samnanger kommune vert godkjent slik han ligg føre.

SAKNR. 039/16**STRATEGIPLAN FOR SEKTOR OPPVEKST OG KULTUR 2016 - 2019****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Strategiplan for sektor oppvekst og kultur i Samnanger 2016-2019 vert vedteken slik han ligg føre, datert 09. juni 2016.

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM-039/16 VEDTAK:

Strategiplan for sektor oppvekst og kultur i Samnanger 2016-2019 vert vedteken slik han ligg føre, datert 09. juni 2016.

SAKNR. 040/16**FORNYING AV KOMMUNALE SALSLOEVE FOR ALKOHOLHALDIG DRYKK****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

K.Knutsen AS , NG Kiwi Vest AS for Kiwi Bjørkheim og Laga SA får fornya løyve til sal av alkoholhaldig drykk med volumprosent mindre enn 4,7% alkoholinnhald jf. §1-6 2.ledd i Alkoholoven.

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Det vart røysta over tilrådinga som vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Øyvind Røen (Sp) stemte imot.

FORM-040/16 VEDTAK:

K.Knutsen AS , NG Kiwi Vest AS for Kiwi Bjørkheim og Laga SA får fornya løyve til sal av alkoholhaldig drykk med volumprosent mindre enn 4,7% alkoholinnhald jf. §1-6 2.ledd i Alkoholloven.

SAKNR. 041/16

FORNYING AV KOMMUNALT SKJENKELØYVE FOR ALKOHOLHALDIG DRYKK - BJØRKHEIM KRO OG MOTELL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bjørkheim Kro og Motell AS frå løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (jf. §1-6 i alkoholloven).

Løyvet gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1 og 2) frå kl. 08:00 til kl. 02:00.
- skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 3) frå kl. 13:00 til kl. 02:00.
- også uteservering på avgrensa terrasse mot sjøen.

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Det vart røysta over tilrådinga til rådmannen. Tilrådinga vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Øyvind Røen (Sp) stemte imot.

FORM-041/16 VEDTAK:

Bjørkheim Kro og Motell AS frå løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (jf. §1-6 i alkoholloven).

Løyvet gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1 og 2) frå kl. 08:00 til kl. 02:00.
- skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 3) frå kl. 13:00 til kl. 02:00.

også uteservering på avgrensa terrasse mot sjøen.....

SAKNR. 042/16

FORNYING AV KOMMUNALT SKJENKELØYVE FOR ALKOHOLHALDIG DRYKK - RITA MYRVANG TAULE - SIGMUNDSTOVO GJESTEHUS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rita Myrvang Taule – Sigmundstovo gjestehus får skjenkeløyve alkoholhaldig drykk (gruppe 1 og 2) frå kl. 08:00 til kl. 02:00 og skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 3) frå kl. 13:00 til kl.02:00.

Løyvet gjeld også for uteområdet, terrasse og hage som naturleg høyrer til lokala.

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Det vart røysta over tilrådinga til rådmannen. Tilrådinga vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Øyvind Røen (Sp) stemte imot.

FORM-042/16 VEDTAK:

Rita Myrvang Taule – Sigmundstovo gjestehus får skjenkeløyve alkoholhaldig drykk (gruppe 1 og 2) frå kl. 08:00 til kl. 02:00 og skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 3) frå kl. 13:00 til kl.02:00.

Løyvet gjeld også for uteområdet, terrasse og hage som naturleg høyrer til lokala.

SAKNR. 043/16**ADRESSETILDELING OG NAMNSETJING AV VEGAR OG OMRÅDE FOR FRITIDSBUSTADER I SAMNANGER KOMMUNE**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Forslag til nye veg- og områdenamn vist i tabell vedlagt i saken vart samrøystes vedteken.

FORM-043/16 VEDTAK:**NYE VEG- OG OMRÅDENAMN FOR FRITIDSBUSTADER**

Nr		Vegen går frå	Vegen går til	Merknad	Endring
08	Nordbøvegen	Kryss i Solbjørgvegen	Enden i tunet på Nordbø og til Brualeitet		Vegen forlengast.
09	Skjeljåna	Kryss i Solbjørgvegen	På vestsida av Skjeljåvågen til enden av vegen. På austsida til fritidsbustad på gr/br 11/13		Vegen forlengast.
10	Haugavegen	Kryss ved busstur på Hisdalflatane på Samnangervegen	Enden ved gr/br 7/5		Byttet ut namn med gr/br
11	Raunekleivvegen	Kryss i Samnangervegen ved 10/8	Kryss i Samnangervegen ved BIR gjenbruksstasjon		Byttet ut namn med gr/br
13	Stølane	Kryss ved parkeringsplass ved Samnanger kyrkje	Ender hjå gr/br 17/67 og 17/17		Byttet ut namn med gr/br
14	Prestavegen	Kryss ved parkeringsplass ved kyrkja ved Ådland	Til enden av vegen og vidare på sti til Tranholmen		Vegen forlengast.
17	Teigabrekka	Kryss i Reistadliane ved postkassestativ og sykkelparkering for Samnanger barneskule	Ender ved gr/br 18/96		Byttet ut namn med gr/br
22	Heiane	Kryss i bygdavegen ovanfor bru over elva og	Enden av vegane ved gr/br	Inkluderer to vegar	Byttet ut namn med

		den gamle gardssaga	18/1 og 18/112		gr/br
24	Bjørkheim	Kryss ved Samnangervegen ved bensinstasjon og kro	Enden ved gr/br 21/38 og ved enden av campingplass		Byttet ut namn med gr/br
27	Bjelkarvikvegen	Kryss i Samnangervegen ved den gamle Fiskegarasjen.	Enden i tunet ved Gr/br 23/22 og i tunet ved 23/13		Byttet ut namn med gr/br
31	Gjerdsvegen	Kryss i Steinlandsvegen ved Gr/br 25/50	Gardstunet i Dalane		Byttet ut namn med gr/br
34	Bjørkhaugen	Namn på området ovanfor Gr/br 25/54			Byttet ut namn med gr/br
41	Kvitingsvegen	Kryss i Samnangervegen ved Frøland ungdomshus	Vegen delar seg i botn av Klungerdalen. Vegen endar på sti ved Klugerdalsvatnet, og ved Svartavatnet		Vegen tar med seg Klungerdalen
42	Dyrhovdevegen	Kvitingsvegen	Tunet i Dyrhovden og forsett på sti til fritidsbustad 31/6/0/1		Vegen forlengast
45	Totrævegen	Kvitingsvegen	Enden ved Totræna vinterpark og vidare til fritidsbustad 29/12 og 30/34		Vegen forlengast
46	Holmavegen	Frå kryss i vegen til Haug	Til enden		Vegen forlengast
50	Høysetevegen	Kryss i Samnangervegen ved Mørkhøl	Fylkesveg slutt ved Høyseter	Inkluderer Børdalen og all busetnad og fritidsbustader på Høyseter	Tar med seg Børdalen
55	Utskotvegen	Kryss i Tyssevegen der det er skilta til Utskot	Enden av fylkesvegen og til Haugavika.	Inkluderer og Børisanden.	Vegen forlengast
57	Sævellvegen	Straumebrua	Fusa grense på Sævild	Tek utg. punkt i at den nye vegtraseen i tunnell bak Tysse vert realisert. Tek med eg fritidsbustader i Stemmedalen	Tar med seg Stemmedalen
59	Nymarksvegen	Kryss i Solbjørgvegen ved Gr/br 3/34 og 3/52	Enden på garden Nymark og sandtak/ steinfabrikk		Byttet ut namn med gr/br
61	Rødne	Kryss i Bygdavegen ved bru over elva oanfor Skomakarverkstaden	Enden av vegen ved gardstunet ved gr/br 21/35		Byttet ut namn med gr/br
62	Brekkedalen	Område: Dal i mellom Gullfjellet og			Ny

		Sauafjellet. Frå grensa til Os i vest til slutt på Sauafjellet i øst			
63	Skreiddalen	Område: Frå Jakthavnen til nord på Store Sundhaugen. Frå Sør på Store Sundhaugen øst til Sundvika			Ny
64	Mosatjørna	Område: Område rundt Mosatjørna, avgrensa av grensa mellom gr/br 5/2 og 8/2 mot Samnangervegen. Området strekker seg til gr/br 5/15			Ny
65	Langavatnet	Området: Avgrensa i nord av kommunegrensa mot Bergen, mot vest av Samnangervegen, mot aust av Revabakken og Halsen, og mot sør av Grasdalen.			Ny
66	Liøyna	Område: Austsida av Liahædda frå Senabrekka i nord til Nordodden i sør.			Ny
67	Fitjvatnet	Område: Rundt Fitjvatnet. Avgrensa i aust ved Tronivatnet, men tar med seg området rundt Tronivatnet.			Ny
68	Breilia	Område: På sørsida av Breilia frå Steinslandsetret i aust til myr aust for Rødssetret		Tar med seg fritidsbustad 24/3	Ny
69	Setrarinden	Område: Frå Setrarinden (rygg) og aust til Dyrhovden. Sør til slutten av ryggen.			Ny
70	Breivika	Område: Breivika i Kvitingsvatnet			Ny
71	Elvakrokane	Område: mellom Elvakrokane og øvre Hestagjeldet			Ny
72	Nedsta Dukavatnet	Område: Rund neststa Dukavatnet			Ny
73	Kvanndalsvatnet	Område: Rundt Kvanndalsvatnet			Ny
74	Hansahaugen	Veg frå Samnangervegen ved avkjøring til 34/176.		Gjeld ikkje bustadhus langs Samnangervegen som tidligare har fått adresse.	Ny
75	Jensahaugen	Frå Samnangervegen ved 34/225		Gjeld ikkje bustadhus langs Samnangervegen som tidligare har fått adresse.	Ny

76	Leitet	Område: Frå Fossenbrattetunellen til og med 34/45 på nordsida av Samnangervegen			Ny
77	Rabalhei	Område: Nordsida av Rabalhei. Frå Raunebottdalen i vest til kommunegrensa mot Kvam i aust. Avgrensa av Lona i nord			Ny
78	Stemmevatnet	Område: Rundt Stemmevatnet			Ny
79	Setralia	Område: Vest for 18/6 til Utgjerasetret, sør ved Utgjerdesetret, nord til Kalivatnet			Ny

SAKNR. 044/16
FORDELING AV KULTURMIDLAR 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

09.06.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Gunn Totland Moss (Krf) sette fram følgjande framlegg: "Barnekoret får auka tilskotet med + kr. 1000. Båtforeninga får redusert tilskotet med – kr.1000."

Det vart røysta over Moss sitt endringsframlegg, som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta samla over tildelinga vist i tabell i saksutgreiinga med vedteke endringsframlegg. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-044/16 VEDTAK:

Tildeling kulturmidlar 2016	
Barne og ungdomsarbeid	
• Nordbygda ungdomslag	28 000
• Samnanger barnekor og king-sing	3 500
• Samnanger sundagsskulelag	1 500
• Ungdomsslaget URD	3 500
• Tveit ungdomslag	3 500
• Ten-Cafe	6 500
• Samnanger skulemusikklag	14 000
• I/S Vonheim	3 500
Totalt	64 000
Kulturminnevern	
• Antons kulturhistoriske senter	10 000
• Tomas Martin Nordvik stiftelse	10 000
• Ungdomsslaget URD	15 000
Totalt	35 000
Kunstformidling	
• Samnanger kunstlag	4 500
• Tysse og Nordbygda musikklag	14 000
• I/S Vonheim	2 500
Totalt	21 000
Idrettsarbeid	
• Samnanger idrettslag	60 000
• Tysse skyttarlag	10 000
Totalt	70 000
Friluftsliv	
• Samnanger turlag	5 000
• Samnanger jeger og fiskarlag	0
Totalt	5 000
Samfunnshus	
• Samnanger misjonsforsamling	0
Totalt	0
Øvrige kulturformål	
• Samnanger pensjonistlag	5 000
• Samnanger Røde Kors omsorg	5 000

17 av 17

• Samnanger Hagelag	5 000
• Samnanger båtföreining	0
Totalt	15 000
Tildelt totalt	210 000